



Hovudlaget

STRYN TURN & IDRETTSLAG

Skipa 1898

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/fylkeskulturdirektøren
Postboks 173

6801 Førde

Stryn 05.06.2015

Arena Stryn - Søknad om tilskot

Stryn Turn & Idrettslag arbeider med eit prosjekt som har namnet Arena Stryn. Prosjektet inneholder Treningssenter, Basishall og Fleirbrukshall i tillegg til bilsenter for Toyota Nordfjord. Prosjektet er eit resultat av at Stryn Turn & Idrettslag har ein aktivitet som gjer det nødvendig å få til nye og tilpassa anlegg for brukarane.

Idrettslaget har tilnærma 1200 betalande medlemar og mellom 700 – 800 aktive innan gruppene fotball, friidrett, handball, turn, ski(alpint), sykkel og trim. ST&I eig sine anlegg og har sikra arealtilgang gjennom Tematisk kommunedelplan frå 1990 talet og seinare rulleringar. For Arena Stryn er det utarbeidd ny detaljreguleringsplan som er stadfestat nyleg/godkjent.

Utifrå stadig nye og aukande aktivitetar i laget ser vi oss forplikta etter vedtekne sport- og handlingsplanar å framskaffe tidsmessige anlegg, hallar og klubbhusfunksjonar, noko som vi manglar i dag. Ikkje berre for ST&I i dag, men for alle idrettslag i kommunen vil dette vere ei nødvendig og nyttig investering som gjev eit godt supplement til eksisterande anlegg. Alternativt må aktiviteten avgrensast.

Arena Stryn vil også vere eit viktig bidrag i eit Folkehelseperspektiv. Anlegget ligg lett tilgjengeleg for alle type brukarar. Naust og reint vassmiljø ved utløpet av Vikaelva med moglegheit til bading og andre aktivitetar i vatnet, speidarhytte og sti langs elva mot skog og fjell.

Prosjektet er godt kjent gjennom stort reklameskilt ved Stryn stadion, presentasjonar for Stryn kommunestyre og i møte med Kulturdepartementet i Oslo. Prosjektet får god omtale for at det er godt tilpassa området og nøkternt tilpassa brukarane sitt behov.

For å sikre eigenkapital til prosjektet har idrettslaget valt å selje 5 da av sitt totale areal på snaue 54 da til Toyota Nordfjord. Næringsdelen vert seksjonert med gjenkjøpsrett for ST&I. Dette er ei bedrift laget har gode erfaringar med då dei i dag leiger lokale rett over gata frå Stryn stadion. Dei har sal og service og sluttar kl 16.00 då aktiviteten på Stryn stadion startar opp med full styrke og det er behov for parkeringsareal.

For at prosjektet skal kunne gjennomførast er det nødvendig med sponsorar og bidrag i samla størrelse 18 – 20 mill. Stryn kommune har bidrege med overføring av areal til idrettslaget til ein verdi på 3,7 mill. Disse areala har tidlegare vore festa. I tillegg har Stryn kommune, etter søknad frå ST&I, vedteke i kommunestyre 21.05.15 samrøystes å støtte prosjektet med 5 mill. Samla bidrag frå Stryn kommune er dermed 8,7 mill.

For Fylkeskommunen vil det bli tilgang til ein fleirbruks Hall og eit ca. 900 m² stort topp moderne treningssenter med vektløfterrom, treningssal, speilsal m.m., tilbod som ein tidlegare ikkje har kunne bidrege med i Strynehallen p.g.a. arealmangel. I tillegg ein moderne Basishall for å trena basisfunksjonar for alle idrettar. Turnforbundet i Sogn og Fjordane har i skriv uttrykt stor interesse for Basishallen då denne er den første i sitt slag i fylket.


Stryn Turn & Idrettslag har elles eit nært samarbeid med Markane Idrettslag og særleg innan skiskyting der mange av talenta kjem frå sentrumsområdet og med tilknyting til Stryn Vidaregåande Skule. Den store aktiviteten innan denne idretten vil krevje tidsmessige anlegg. Vi har framleis eit håp om at den planlagde landslinja for skiskyting i Stryn, som Fylket sökte om, skal få ei ny vurdering med positivt vedtak.

Med tilvising til tildelingar fylket har bidrege med på tilsvarende prosjekt i Sogn og Fjordane torer vi be om eit eingongstilskot frå Fylkeskommunen på **kr 8.700.000**, tilsvarende det Stryn kommune har bidrege med. Vedlagte planar og kostnadsoppsett, finansieringsplan og driftsplan tilseier at vi med vårt finansieringsopplegg vil få eit tidsmessig og driftsmessig godt anlegg.


Vi har planar for å klare toppfinansieringa ved å gå ut til sponsorar både lokalt og sentralt. Fleire aktuelle institusjonar og næringsliv har synt stor interesse for prosjektet.

Vi stiller gjerne opp for å gje ein fyldigare presentasjon av prosjektet ARENA STRYN.

Med venleg helsing
for Stryn Turn & Idrettslag



Jonn Beinnes – leiar



Kjell Opheim – prosjektleiar

Vedlegg: Prosjektplan
 Kalkyle, finansieringsplan og driftsplan